

Skarp intern kritikk av plastspreiing

28.01.2016



Sprei ikkje plast langs elva! Den interne kritikken var skarp under årsmøtet i kveld.

Bøndene langs Uskedalselva sparar ikkje kvarandre når dei kjem med kritikk av spreiing av siloplast, Dette var eit tema under årsmøtet i kveld og det skarpaste ordet som var nytta var slaurskap.

Dette problemet var oppe også i årsmøtet i fjor men då vart det ikkje vurdert som så ålvorleg at det var naudsynt å setta inn tiltak. No er imidlertid forsøplingsproblemet attende etter stormfullt ver og flaumar mot slutten av året,

Difor vart det sagt under kveldens årsmøte at alle bør gå i seg sjølv og tenke over om dei spreier plast. Fiskarane vil ikkje söke til ei elv som er full av plast, vart det understreka.

Budsjettet for dette året syner ei utgift på 163 000 kroner som er fordelt med 100 00 i utbetaling av akkumulert overskot, 50 000 i tiltak og vedlikehald 3 000 i honorarar og 10,000 i honorarar og IKT,

I salsinntekter av fiskekort er det kalkulert med 30 000 og det er ført opp 60 000 i andre inntekter.

Ved årsskiftet hadde laget eit bankinskot på 250 631 kroner og 60 000 i gjeld.

Magne Huglen hadde ein ide om oppparbeiding av ein fiskeplass for handikappa ved bru han har lagt over elva på eigedomen sin.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen